


Sak			
FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA -KULU, SUNDE, GNR. 110, ÅL PRESTGÅRD, GNR. 111, HUS, GNR. 112, STAVE, GNR. 114, RIME, GNR. 115, SKATTEBØL, GNR. 122, STRAND, GNR. 123, ÅL KOMMUNE, BUSKERUD.			
Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	09.09.88	Brev fra Ål kommune til U.O.	
2	14.10.88	Brev fra U.O. til Ål kommune.	Ingen fornminner.
3	01.06.89	Brev fra Ål kommune til U.O.	
4	17.07.89	Brev fra U.O. til Ål kommune.	
5	3/1-90	Brev Ål k - U.O.	
6		Brev U.O. - Ål k	



**ÅL KOMMUNE**  
TEKNISK ETAT

1

TORGET 1 - 3570 ÅL  
TLF.: 067/81 011

Postnr.:  
4604/88

Arkivnr.:  
504

Dato:  
09.09.88.

**OFFENTLEGE INSTANSAR**

OPPSAMLE  
nr. 2525 2257  
Sted: P.O.V.

**VEDR.: REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU.**

Teknisk hovudutval i Ål vedtok i sak 165/88 av 06.09.88, å tilrå reguleringsplan med tilhørende reguleringsføresegner for "Vestlia - Kulu, etappe I", (Ved, og vest for Kulu).

Planen omfattar fylgjande gnr./bnr.:

110/44,48,57, 111/1,2,13, 112/2,3,15,16,21,23,44,45,90,95,115,120  
114/2,8,11,12,15,16,17,23,24, 115/4,16,21,51,53, 122/15,18,52,  
123/1,19,31,45,48,61,309,311,312.

Reguleringsplanen inneheld byggeområder, landbruksområder, trafikkområder, friområder og friluftsområde.

Planen og reguleringsføresegnene er no utlagt til 1. gongs offentleg ettersyn på teknisk etat i Ål.

Har De/Dykkar nokon Merknader som kan ha betydning for planen, ta kontakt med teknisk etat, eller skriv til teknisk hovudutval i Ål innan 15. oktober 88.

Med helsing

Dag Hovde  
avd.ing.

# Utskrift av møtebok

for

TEKNISK HOVUDUTVAL

i møte den

6. SEPTEMBER 1988.

Av

medlemer var

7

6

til stades (møtande varamedlemer medrekna).

T.SAK 165/88

REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA KULU.

Saksbehandlar: Dag Hovde

SAKSOPPLYSNINGAR:

Planen vart sist behandla i teknisk hovudutval, den 23.08.88, sak 144/88.

Teknisk etat vart pålagt å vurdere merknader som kom fram under diskusjonen og eventuelt innarbeide desse i planforslaget.

Kart og reguleringsføresegner er no justert i samsvar med dette.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Teknisk hovudutval godkjenner reguleringsplanforslag og reguleringsføresegner for Kuluområdet - del av Vestlia/Kulu, sist revidert 06.09.88.

I samsvar med § 27-1 vert planforslaget utlagt til offentleg ettersyn og sendt berørte grunneigarar og vedkomande offentlege instanser til uttale.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Som framlegget.

Rett utskrift, Al den 6. september 1988

*Laila Pedersen*

Laila Pedersen  
ktr.flm.

Utskrift går til:

- Berørte grunneigarar
- Offentlege instanser

**REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU.**

**DATO FOR KOMMUNESTYREVEDTAK: \_\_\_\_\_**

**0. INNLEIING.**

REGULERINGSFØRESEGNENE GJELD FOR OMRÅDET INNANFOR VESTLIA-KULU.  
REGULERINGSGRENSA SOM VIST PÅ PLANKART FOR VESTLIA-KULU.

**REGULERINGSFORMÅL.**

1. BYGGEOMRÅDER
2. TRAFIKKOMRÅDER
3. FRIOMRÅDER
4. FRILUFTSOMRÅDE
5. LANDBRUKSOMRÅDER

**1. BYGGEOMRÅDER.**

**1.1 BUSTADER.**

I BUSTADOMRÅDA KAN DET OPPFØRAST BUSTADER MED TILHØYRANDE BYGNINGAR (GARASJER, UTHUS ETC.)  
BYGNINGAR KAN TILLATE INNSLAG AV KOMMERSIELLE ELLER SOSIALE VERKSEMDER SOM ETTER RÅDET SITT SKJØNN IKKJE VIL VIRKE FORSTYRRANDE ELLER SKJEMMANDE PÅ BUMILJØET OMKRING.

BYGNINGAR KAN OPPFØRAST I MAKS. 1 HØGD, MEN LOFT KAN UTNYTTAST TIL ROM FOR VARIG OPPHOLD. SOKKELETASJE/KJELLAR KAN OG HA ROM FOR VARIG OPPHALD DER DET ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL SI VURDERING LIGG TIL RETTE FOR DET.  
MAKS. BEBYGD GRUNNFLATE SKAL IKKJE OVERSTIGE 25 % AV TOMTESTØRRELSEN.

**2. TRAFIKKOMRÅDE.**

TRAFIKKOMRÅDA SKAL NYTTAST TIL KØYREVEGAR, GANG- OG SYKKELVEGAR SAMT AREAL TIL FRISIKTSONER O.L VED VEGKRYSS SLIK SOM VIST PÅ PLANEN.

**3. FRIOMRÅDE.**

I FRIOMRÅDA ER DET AVSATT PLESS TIL EIN LEIKEPLASS.  
ELLES ER FRIOMRÅDA AVSATT TIL TURVEGAR FOR Å SIKKRE GOD INTERN TILGJENGE OG KONTAKT TIL OMLIGGJANDE AREAL.

#### 4. FRILUFTSOMRÅDE.

OMRÅDET SKAL NYTTAST SOM FRILUFTSOMRÅDE.

I DETTE OMRÅDET ER DET IKKJE TILLATT Å DRIVE VIRKSOMHEIT ELLER OPPFØRE BYGG ELLER ANLEGG SOM ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL SITT SKJØNN ER TIL HINDER FOR OMRÅDETS BRUK SOM FRILUFTSOMRÅDE.

#### 5. LANDBRUKSOMRÅDER.

LANDBRUKSOMRÅDA SKAL NYTTAST TIL TRADISJONELT LANDBRUK.

#### 6. ANDRE FØRESEGNER (JFR. PB.-LOVA § 26)

##### 6.1 TRAFIKKAREAL

A. STIGNINGEN PÅ VEGEAR BØR IKKJE OVERSSKRIDE 1:10.

B. TERRENGINNGREP I SAMBAND MED VEGANLEGG SKAL SKJE MEST MOGLEG SKÅNSOMT. VEGSKJÆRINGAR OG FYLLINGAR SKAL BEPLANTAST ELLER BEHANDLAST PÅ EIN TILTALANDE MÅTE.

C. SOM ADKOMST TIL BUSTADFELTET SKAL BRUA VED ÅL JERNBANESTASJON NYTTAST. JERNBANEØVERGANGEN VED VANGEBRUA VERT STENGT FOR OFFENTLEG TRAFIKK. DENNE VERT NYTTA TIL GANG/SYKKELVEG. UNNTATT ER KJØRING MED LANDBRUKSREDSKAP OG TØMMERTRANSPORT

D. I OMRÅDA MELLOM FRISIKT LINJA OG VEGFØREMÅL, SKAL DET VERA FRI SIKT I EI HØGDE AV 0,5 METER OVER DEI TILSTØYTANDE VEGARS PLANUM. (JFR. VEGLOVAS § 31)

##### 6.2. BUSETNAD.

A. BUSTADEN SKAL UTFORMAS SOM FRITTLIGGJANDE BYGNINGAR.

B. BUSETNADEN SKAL HA SALTAK/VALMTAK MED EIN VINKEL PÅ  $18^{\circ} - 35^{\circ}$ . TAKTEKJE SKAL HA AVDEMPA FARGE.

C. BUSETNADEN SKAL IKKJE Plasserast NÆRARE FRIOMRÅDA ENN 4 METER.

D. TEKNISK HOVUDUTVAL SKAL VED BEHANDLING AV BYGGEMELDINGAR SJÅ TIL AT BUSETNADEN FÅR EI GOD FORM OG MATERIALBEHANDLING OG AT BYGNINGAR I SAME GRUPPE ELLER BYGGEFELT FÅR EI HARMONISK UTFORMING. UTVENDIG FARGE SKAL GODKJENNAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL.

E. BYGNINGAR KAN OPPFØRST I INNTIL 1 HØGD. FOR BUSETNAD I 1 1/2 ETASJE (INNREIA LOFT) KAN TEKNISK HOVUDUTVAL TILLATE UNDERETASJE I SAMSVAR MED FØRESEGNENE I BYGGEFORSKRIFTER DER TERRENGET ETTER RÅDETS SKJØNN LIGG TIL RETTE FOR DET (SOKKELETASJE).

F. GESIMSHØGDA SKAL IKKJE OVERSTIGE 5,5 METER. HØGDE FRÅ TERRENG TIL MØNE SKAL IKKJE OVERSTIGE 8,5 METER.

G. ENDELEG PLASSERINGAR AV BYGNINGAR PÅ TOMTA SKAL FASTSETJAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL. MØNERETNINGEN VERT REKNA I HUSETS LENGDERETNING.

H. GARASJER OG UTHUS KAN OPPFØRAST I 1 ETASJE MED GRUNNFLATE IKKJE OVER 40 M<sup>2</sup> OG SKAL VERA TILPASSA BUSTADHUSET M.O.T. MATERIALVAL, FORM OG FARGE.

FRITTLIGGJANDE GARASJAR KAN PLASSERAST MED EIN VEGG I NABO-GRENSE INNAFOR RAMMA AV BYGGEFORSKRIFTENE. DERSOM TERRENG-FORHOLDA ELLER ANDRE SÆRLEGE GRUNNAR TILSEIER DET, KAN GARASJE/UTHUS PLASSERAST 4 METER FRÅ REGULERT VEGKANT VED UTKØYRING MOT EIGEN GARDSPLASS.

I. PLASSERING AV GARASJER/UTHUS SKAL VERA VIST PÅ SITUASJONSPLAN SOM FØLGJER BYGGEMELDINGA FOR BUSTADHUSET, SJØLV OM DEI IKKJE SKAL OPPFØRAST SAMSTUNDES MED DETTE

I TILLEGG TIL GARASJE BØR DET PÅ KVAR TOMT VERA PARKERINGSPLASS FOR MINST TO PERSONBILAR.

### 6.3 UTNYTTING AV TOMTENE

BYGNINGENS GRUNNFLATE INKL. GARASJER, UTHUS, BODER O.L. MÅ IKKJE OVERSTIGE 25 % AV TOMTAS NETTO AREAL.

### 6.4 FELLES AREAL FOR FLEIRE EIGEDOMAR

FOR PARKERINGSOMRÅDER ER DET AVSATT FELLES TRAFIKKAREAL SOM VIST PÅ PLANEN.

### 6.5 UBEBYGT AREAL

A. UBEBYGT AREAL SKAL GJEVAST EI TILTALANDE BEHANDLING. EKSISTERANDE VEGETASJON OG SKOG MÅ EIN PRØVE Å BEVARE.

B. INGA TOMT MÅ PLANTAST TIL MED TRE ELLER BUSKER SOM ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL SITT SKJØNN KAN VIRKE SKJENERANDE FOR OFFENTLEG FERDSEL.

C. MATERIALBRUK, UTFORMING OG FARGE PÅ GJERDER, FORSTØTNINGS-MURAR, SKILT, SAMT UTVENDIG BELYSNING, MÅ GODKJENNAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL.

D. TØRKESTATIV OLJEFAT OG SØPPELBEHOLDERE SKAL PLASSERAST SLIK AT DEI VERT TIL MINST MOGLEG SKJENANSE FOR NABOAR.

E. DEN UBEBYGDE DEL AV TOMTA SKAL HALDAST I EIN STAND SOM SOM IKKJE VIRKAR SKJEMMANDE FOR OMGIVNADEN. EVENTUELL UTANDØRS LAGRING MÅ ANORDNAST PÅ EIN TILTALANDE MÅTE OG OM NØDVENDIG SKJERMAST MOT INNSIKT.

F. BYGGEFRIE OMRÅDER SOM ER ANGITT PÅ PLANEN SKAL PLANERAST, TILSÅAST OG BEPLANTAST. DET MÅ HALDAST VEDLIKE SOM EIT NATUR-OMRÅDE ETTER KVART SOM OMRÅDET VERT BYGD UT AV BEBUARANE.

7. **FELLESFØRESEGNER.**


- 7.1. MINDRE VESENTLEGE UNNTAK FRA DESSE FØRESEGNENE KAN NÅR SÆRLEGE GRUNNAR TALAR FOR DET, TILLATAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL INNAFOR RAMMA AV BESTEMMELSENE I PB.-LOVA OG BYGGEFORSKRIFTENE. JFR. PB.-LOVA § 28-1.
- 7.2. ETTER AT DENNE REGULERINGSPLANEN MED TILHØYRANDE FØRESEGNER ER STADFESTA, KAN DET IKKJE INNGÅAST PRIVATRETTSLEGE AVTALER SOM ER I STRID MED PLANEN OG FØRESEGNENE.

ÅL, DEN 6. SEPTEMBER 1988.

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



**2. LANDBRUKSOMRÅDE**

- JORDBRUK/SKOGBRUK

**3. TRAFIKKOMRÅDER**

- KØYREVEG
- GANGVEG/FORTAU
- FELLES AVKØYRING, PARKERING
- JERNBANESOMRÅDE**

**4. FRIDOMRÅDER**

- PARK, TURVEG, LEIK
- S SANDEIKEKEPLASS

**5. FAREOMRÅDE**

- 


**6. SPESIALOMRÅDER**

- FLOMGRÅFT
- FRILUFTSOMRÅDE

--- TOMTEGRENSE  
- - - - - FRI SIKTLINJE  
- - - - - SENTERLINJE REGULERT VEG  
- - - - - BEGRENSSING, ETAPPE I

VATN

M= 1:2000



REGULERINGSPLAN/ FOR	KOMMUNE
<b>VESTLIA-KULU</b>	<b>ÅL</b>
<b>BEHANDLING:</b>	<b>DATO:</b>
PLANENS BEGRENSSING, VEDTAK AV T.H SAK 130/88	12.07.88.
1. GONGS-UTLEGGING TIL OFF ETTERSYN (T.H. SAK 165/88 AV 06.09.88.)	






Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



2. LANDBRUKSOMRÅDE

JORDBRUK/SKOGBRUK

3. TRAFIKKOMRÅDER

KØYREVEG

GANGVEG/FORTA

FELLES AVKØYING/PARKERING

4. FRIOMRÅDER:

PARK, TURVEG, E.K.

5. FAREOMRÅDE

6. SPESIALOMRÅDER

FLOMGRØFT

VATN

TOMTEGRENSE

FRI SIKTLINJE

SENTERLINJE REGULERT VEG

M= 1:2000



REGULERINGSPLAN/AVGRENSING FOR

KOMMUNE

VESTLIA-KULU-AVGRENSING

ÅL

REVISJONER:

DATO:






Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)





TEGNFORKLARING:

BL. § 25 REGULINGSFORMAL

1. BYGGEOMRÅDE

BUSTADER

2. LANDBRUKSOMRÅDE

JORDBRUK/SKOGBRUK

3. TRAFIKKOMRÅDER:

KØYREVEG

GANGVEG/FORTAU

FELLES AVKØYRING/PARKERING

4. FRIOMRÅDER:

PARK, TURVEG, LEIK

5. FAREOMRÅDE:

6. SPESIALOMRÅDER

FLOMRØFT

KOMMUNALTEKN. ANLEGG

REGULINGSPLAN/ENDRING FOR

*Vestlia felt C - Utvid.*

REVISJONER:

478  
13  
6378

# UNIVERSITETET I OSLO

2

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Ål kommune  
Teknisk etat  
Torget 1

OSLO, 14. oktober 1988

SAKSBEHANDLER:

3570 ÅL

DERES REF.: Dag Hovde

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) Jnr. 2525/88 PON/es

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU.  
SUNDE, GNR. 110, ÅL PRESTEGÅRD, GNR. 111, HUS, GNR. 112,  
STAVE, GNR. 114, RIME, GNR. 115, SKATTEBØL, GNR. 122, STRAND, GNR. 123  
ÅL KOMMUNE, BUSKERUD


Vi viser til Deres forsendelse av 9. september 1988.

Universitetets Oldsaksamling foretok en arkeologisk undersøkelse i planområdet den 12. oktober 1988. Det ble ikke funnet fornminner. Vi har derfor ingen merknader til planforslaget.

Skulle det oppdages fornminner ved tiltak i marken i planområdet, skal arbeidet stanses i den utstrekning det kan berøre fornminnene eller deres sikringssoner på fem meter, og melding skal sendes Universitetets Oldsaksamling, jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, §8.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker



**ÅL KOMMUNE**  
TEKNISK ETAT

1  
3

TORGET 1 - 3570 ÅL  
TLF.: 067/81 011

Postnr.:  
5721/89

Arkivnr.:  
504

Date:  
01.06.1989

OFFENTLEGE INSTANSAR  
BERØRTE PARTAR

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 001713	05 JUN 89
SAKSB. <i>Don</i>	ARK.Nr.

VEDR.: REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU, ETAPPE I.  
=====

Teknisk hovudutval i Ål vedtok i sak 235/88 av 13.12.88, å tilrå reguleringsplan med tilhørende reguleringsføresegner for "Vestlia - Kulu", etappe I.

Reguleringsplanen omfattar området ved og vest for Kulu i samsvar med soneplan.

Reguleringsplanen inneheld byggeområder, landbruksområder, trafikkområder, friområder og friluftsområder.

Planen og reguleringsføresegnene er no utlagt til 2. gongs offentlig ettersyn på teknisk etat i Ål.

Har De nokon merknad som kan ha betydning for planen, ta kontakt med teknisk etat, eller skriv til teknisk hovudutval i Ål innan 7. JULI 1989.

Med helsing

*Dag Hovde*  
Dag Hovde  
avd.ing.

## REGULERINGSFØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU.

DATO FOR KOMMUNESTYREVEDTAK: \_\_\_\_\_

### 0. **INNLEIING.**

REGULERINGSFØRESEGNENE GJELD FOR OMRÅDET INNANFOR VESTLIA-KULU.  
REGULERINGSGRENSA SOM VIST PÅ PLANKART FOR VESTLIA-KULU.

#### REGULERINGSFORMÅL.

1. BYGGEOMRÅDER
2. TRAFIKKOMRÅDER
3. FRIOMRÅDER
4. FRILUFTSOMRÅDE
5. LANDBRUKSOMRÅDER
6. FAREOMRÅDER

### 1. **BYGGEOMRÅDER.**

#### 1.1 BUSTADER.

I BUSTADOMRÅDA KAN DET OPPFØRAST BUSTADER MED TILHØYRANDE BYGNINGAR (GARASJER, UTHUS ETC.)  
BYGNINGAR KAN TILLATE INNSLAG AV KOMMERSIELLE ELLER SOSIALE VERKSEMDER SOM ETTER RÅDET SITT SKJØNN IKKJE VIL VIRKE FORSTYRRANDE ELLER SKJEMMANDE PÅ BUMILJØET OMKRING.

BYGNINGAR KAN OPPFØRAST I MAKS. 1 HØGD, MEN LOFT KAN UTNYTTAST TIL ROM FOR VARIG OPPHOLD. SØKKELETASJE/KJELLAR KAN OG HA ROM FOR VARIG OPPHALD DER DET ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL SI VURDERING LIGG TIL RETTE FOR DET.  
MAKS. BEBYGD GRUNNFLATE SKAL IKKJE OVERSTIGE 25 % AV TOMTESTØRRELSEN.

### 2. **TRAFIKKOMRÅDE.**

TRAFIKKOMRÅDA SKAL NYTTAST TIL KØYREVEGAR, GANG- OG SYKKEL-VEGAR SAMT AREAL TIL FRISIKTSONER O.L VED VEGKRYSS SLIK SOM VIST PÅ PLANEN.

### 3. **FRIOMRÅDE.**

I FRIOMRÅDA ER DET AVSATT PLESS TIL LEIKEPLESSAR.  
ELLES ER FRIOMRÅDA AVSATT TIL TURVEGAR FOR Å SIKKRE GOD INTERN TILGJENGE OG KONTAKT TIL OMLIGGJANDE AREAL.

#### 4. **FRILUFTSOMRÅDE.**

OMRÅDET SKAL NYTTAST SOM FRILUFTSOMRÅDE.

I DETTE OMRÅDET ER DET IKKJE TILLATT Å DRIVE VIRKSOMHEIT ELLER OPPFØRE BYGG ELLER ANLEGG SOM ETTER TEKNISK HOVUD-UTVAL SITT SKJØNN ER TIL HINDER FOR OMRÅDETS BRUK SOM FRILUFTSOMRÅDE.

#### 5. **LANDBRUKSOMRÅDER.**

LANDBRUKSOMRÅDA SKAL NYTTAST TIL TRADISJONELT LANDBRUK.

#### 6. **FAREOMRÅDER.**

##### HØGSPENTLINJER.

PLANOMRÅDET INNEHOLDER EI HØGSPENLIJE MED HØG SPENNING. BYGGEFORBUDSAREALET ER SKYGGELAGT PÅ PLANKARTET. MINDRE VIKTIGE BYGNINGAR (UTHUS, GARASJE O.L.) KAN TILLATAST OPPFØRT PÅ DET SKYGGELAGTE AREALET ETTER NÆRARE RETNINGSLINER, OG ETTER GODKJENNING FRÅ TEKNISK HOVUDUTVAL OG EIGAREN AV LINA.

##### ÅPNE TRAFKANLEGG

INNAFOR DESSE OMRÅDA KAN DET BYGGAST ÅPNE TRAFKANLEGG I SAMSVAR MED GJELDANDE SIKKERHEITSREGLAR.

#### 7. **ANDRE FØRESEGNAR (JFR. PB.-LOVA § 26)**

##### 7.1 TRAFIKKAREAL

- A. STIGNINGEN PÅ VEGEAR BØR IKKJE OVERSSKRIDE 1:10.
- B. TERRENGINNGREP I SAMBAND MED VEGANLEGG SKAL SKJE MEST MOGLEG SKÅNSOMT. VEGSKJÆRINGAR OG FYLLINGAR SKAL BEPLANTAST ELLER BEHANDLAST PÅ EIN TILTALANDE MÅTE.
- C. SOM ADKOMST TIL BUSTADFELTET SKAL BRUA VED ÅL JERNBANE-STASJON NYTTAST. JERNBANEVERGANGEN VED VANGEBRUA VERT STENGT FOR OFFENTLEG TRAFIKK. DENNE VERT NYTTA TIL GANG/SYKKELVEG. UNNTATT ER KJØRING MED LANDBRUKSREDSKAP OG TØMMERTRANSPORT
- D. I OMRÅDA MELLOM FRISIKTLINJA OG VEGFØREMÅL, SKAL DET VERA FRI SIKT I EI HØGDE AV 0,5 METER OVER DEI TILSTØYTANDE VEGARS PLANUM. (JFR. VEGLOVAS § 31)
- E. I OMRÅDET FRÅ PARKERINGSPLASS TIL VEGKURVE MOT SYD/VEST SKAL DET I SAMRÅD MED NSB SETTAST OPP FLETTVERKSGJERDE MOT JERNBANEOMRÅDE.

##### 7.2. BUSTADER.

- A. BUSTADEN SKAL UTFORMAS SOM FRITTLIGGJANDE BYGNINGAR.

- B. BYGNINGANE SKAL HA SALTAK/VALMTAK MED EIN VINKEL PÅ  $18^{\circ} - 35^{\circ}$ . TAKTEKJE SKAL HA AVDEMPA FARGE.
- C. BYGNINGANE SKAL IKKJE Plasserast nærare friområda enn 4 meter.
- D. TEKNISK HOVUDUTVAL SKAL VED BEHANDLING AV BYGGEMELDINGAR SJÅ TIL AT BYGNINGANE FÅR EI GOD FORM OG MATERIAL-BEHADLIING OG AT BYGNINGAR I SAME GRUPPE ELLER BYGGEFELT FÅR EI HARMONISK UTFORMING. UTVENDIG FARGE SKAL GODKJENNAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL.
- E. BYGNINGAR KAN OPPFØRST I INNTIL 1 HØGD. FOR BYGNINGAR I 1 1/2 ETASJE (INNREIA LOFT) KAN TEKNISK HOVUDUTVAL TILLATE UNDERETASJE I SAMSVAR MED FØRESEGNENE I BYGGEFORSKRIFTER DER TERRENGET ETTER RÅDETS SKJØNN LIGG TIL RETTE FOR DET (SOKKELETASJE).
- F. GESIMSHØGDA SKAL IKKJE OVERSTIGE 5,5 METER. HØGDE FRÅ TERRENG TIL MØNE SKAL IKKJE OVERSTIGE 8,5 METER.
- G. ENDELEG Plasseringar av bygningar på tomta skal fastsetjast av teknisk hovudutval. MØNERETNINGEN VERT REKNA I HUSETS LENGDERETNING.
- H. GARASJER OG UTHUS KAN OPPFØRST I 1 ETASJE MED GRUNNFLATE IKKJE OVER  $40 \text{ m}^2$  OG SKAL VERA TILPASSA BUSTADHUSET M.O.T. MATERIALVAL, FORM OG FARGE.
- FRITTLIGGJANDE GARASJAR KAN Plasserast med ein vegg i nabo-grense innafor ramma av byggeforskriftene. DERSOM TERRENG-FORHOLDA ELLER ANDRE SÆRLEGE GRUNNAR TILSEIER DET, KAN GARASJE/UTHUS Plasserast 4 meter frå regulert vegkant ved utkøyring mot eigen gardsplass.
- I. Plassering av garasjer/uthus skal vera vist på situasjons-plan som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, SJØLV OM DEI IKKJE SKAL OPPFØRST SAMSTUNDES MED DETTE
- I TILLEGG TIL GARASJE BØR DET PÅ KVAR TOMT VERA PARKERINGS-Plass for minst to personbilar.

### 7.3 UTNYTTING AV TOMTENE

BYGNINGENS GRUNNFLATE INKL. GARASJER, UTHUS, BØDER O.L. MÅ IKKJE OVERSTIGE 25 % AV TOMTAS NETTO AREAL.

### 7.4 FELLES AREAL FOR FLEIRE EIGEDOMAR

FOR PARKERINGSOMRÅDER ER DET AVSATT FELLES TRAFIKKAREAL SOM VIST PÅ PLANEN.

### 7.5 UBEBYGT AREAL

- A. UBEBYGT AREAL SKAL GJEVAST EI TILTALANDE BEHANDLING. EKSISTERANDE VEGETASJON OG SKOG MÅ EIN PRØVE Å BEVARE.
- B. INGA TOMT MÅ PLANTAST TIL MED TRE ELLER BUSKER SOM ETTER TEKNISK HOVUDUTVAL SITT SKJØNN KAN VIRKE SKJENERANDE FOR OFFENTLEG FERDSEL.



- C. MATERIALBRUK, UTFORMING OG FARGE PÅ GJERDER, FORSTØTNINGS-  
MURAR, SKILT, SAMT UTVENDIG BELYSNING, MÅ GODKJENNAST AV  
TEKNISK HOVUDUTVAL.
- D. TØRKESTATIV OLJEFAT OG SØPPELBEHOLDERE SKAL PLASSERAST  
SLIK AT DEI VERT TIL MINST MOGLEG SKJENANSE FOR NABOAR.
- E. DEN UBEBYGDE DEL AV TOMTA SKAL HALDAST I EIN STAND SOM SOM  
IKKJE VIRKAR SKJEMMANDE FOR OMGIVNADEN.  
EVENTUELL UTANDØRS LAGRING MÅ ANORDNAST PÅ EIN TILTALANDE  
MÅTE OG OM NØDVENDIG SKJÆRMAST MOT INNSIKT.
- F. BYGGEFRIE OMRÅDER SOM ER ANGITT PÅ PLANEN SKAL PLANERAST,  
TILSÅAST OG BEPLANTAST. DET MÅ HALDAST VEDLIKE SOM EIT NATUR-  
OMRÅDE ETTER KVART SOM OMRÅDET VERT BYGD UT AV BEBUARANE.

## 8. **FELLESFØRESEGNER.**

- 8.1. MINDRE VESENTLEGE UNNTAK FRA DESSE FØRESEGNENE KAN NÅR SÆRLEGE  
GRUNNAR TALAR FOR DET, TILLATAST AV TEKNISK HOVUDUTVAL INNAFOR  
RAMMA AV BESTEMMELSENE I PB.-LOVA OG BYGGEFORSKRIFTENE.  
JFR. PB. LOVA § 28-1.
- 8.2. ETTER AT DENNE REGULERINGSPLANEN MED TILHØYRANDE FØRESEGNER  
ER STADFESTA, KAN DET IKKJE INNGÅAST PRIVATRETTSLEGE AVTALER  
SOM ER I STRID MED PLANEN OG FØRESEGNENE.

ÅL, DEN 13. DESEMBER 1988.

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for    TEKNISK HOVUDUTVAL    i møte

den    13. DESEMBER 1988

Av     7    medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

T.SAK 235/88

### REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU. 2. GONGS BEHANDLING

=====

Saksbehandlar: Dag Hovde

#### SAKSOPPLYSNINGAR:

Planforslaget vart sist behandla i teknisk hovudutval 06.09.88, T-sak 165/88. I samsvar med vedtaket har planforslaget vore utlagt til 1. gongs offentleg ettersyn og sendt alle grunneigarar og vedkommande offentlege instansar til uttale.

Fylgjande merknader/uttaler er kome inn:

1. TORGEIR OPPSATA, BREV AV 19.09.88.

Sitat: "Jeg vil se bort fra kravet om forbud mot deling og byggearbeid. Da jeg har måttet vente på eierskifte på gnr. 122 bnr. 18, har jeg ikke fått søkt om fradeling. Dette på grunn av at reguleringsplanen måtte godkjennes før skøyte kunne gis den nye eieren."

Når eierskifte er i orden sender han søknad om frådeling på arealet i samsvar med foreliggjande reguleringsplan.

2. BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, BREV AV 21.09.88.

Plan- og næringskontoret har ikkje motseiing til at kommunestyret vedtek reguleringsplanen i samsvar med § 27-2 nr. 1 i plan- og bygningslova. Dei rår til at fylgjande merknader vert innarbeidd i planen:

- Det bør regulert byggegrenser også langs felles køyreveg.
- Det bør regulerast byggegrense på tomt nr. 13 mot den langsgåande køyvegen.
- for bustadtomtene som ligg nærast jernbanen bør det, av omsyn til støyulempene, vurderast å sette ein større byggeavstand som gjer tilfredsstillande støyskjerming mogleg.
- Alle byggegrenseavstander bør påførast plankartet.
- Det bør regulerast inn veg til landbruksområde frå snuplass sør for F 5.
- Det bør regulerast inn byggegrenser langs Kulu, helst 20 meter.
- Dei har også merknader til reguleringsføresegnende, desse vert referert på møtet.

3. HALLINGDAL KRAFTLAG. BREV AV 21.09.88.

- Rår til at transformatoriosk vert plassert som vist på vedlagt kart.
- Rår til at lågspenttilførsel leggst som kabelnett, fortrinnsvis langs/i vegnettet.

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for     TEKNISK HOVUDUTVAL     i møte

den     13. DESEMBER 1988

Av     7    medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 235/88.

SIDE 2.

4. FORMANNSKAPET I AL, BREV AV 21.09.88.

- Ber om at ordet "busetnad" i reguleringsføresegnene vert retta til bygning/bygningane.

5. RIKSANTIKVAREN, BREV AV 23.09.88

- Ber om at dei einskilde kulturelementa innafor planområdet blir vurderte og at verknadene i vegplanar og bustadfelt og blir vurdert i forhold til kulturlandskapet.

6. VALDRES SKOGFORVALTNING, BREV AV 26.09.88.

- Har ingen merknader til reguleringsplanens ettappe I, men ynskjer opplysningar om kva resten av området er tenkt nytta til.

7. HALLINGDAL KRAFTLAG, BREV AV 28.09.88.

- Hallingdal Kraftlag er i forhandlingar med NSB om overtaking av deiras 66 kV -linje som for det meste fylgjer jernbanesporet i dette område. I tidlegare konsesjonar er det satt som vilkår at det vert tilrettelagt for seinare overgang til 145 kV. Det må takast hensyn til at linja ligg der og at det ved ombygging vil bli stilt krav om byggeforbudsbelte på 30 m. Dvs. 15 m horisontalt på kvar sde av jernbanelinja. Innafor byggeforbudsbelte vert det også restriksjonar for div. andre anlegg.

8. OLE J. LUND M/FLEIRE, BREV AV 05.10.88

- Ynskjer at adkomstveg vert frå Vangebrua.
- Da det vart bygt veg over eignedomen 123/48 vart det sagt at det ikkje skulle vere noko tømmertransport der, berre tomme bilar.
- Vangebrua er dimensjonert for maks. totalvekt 10 tonn.
- Snuplassen mellom tomt 12 og 18 skal begrenses til det minimale. Og vegen fram til snuplassen skal gå i grensa mellom desse tomtene og i samråd med eigarane.
- Protesterer mot gangvegen (grønn stripe) mellom B2 og B3.
- Forlanger at sandleikeplassen mellom tomt 17 og 18 vert fjerna.
- Tomtegrensene i området B2 og B3 er ikkje i samsvar med eksisterande grenser, som dei forlanger at dei skal vere.

9. KULTURUTVALET I AL, BREV AV 06.10.88.

- Ingen merknader.

10. ANN BIRGIT BRUHAMMER LIAN, BREV AV 06.10.88.

Sitat: "Hallingdølen hadde inne en annonse, der gnr./bnr. stod oppført-, over eigere som planen omfattet. Undertegnede var ikke å finne blant disse. Bare det at tre av de inntegnede tomtene ligger på min eiendom !! Hvordan vil teknisk hovudutval forklare dette? Planlegger kommunen ekspropriering? Men er det ikke da vanlig å ta kontakt med eieren først."

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for     TEKNISK HOVUDUTVAL     i møte

den     13. DESEMBER     1988

Av     7     medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 235/88.

SIDE 3.

11. STATENS VEGVESEN BUSKERUD, BREV AV 07.10.88.

Ingen merknader.

12. AGOT EVA TELNES, BREV AV 11.10.88.

Agot E. Telnes er eigar av tomt nr. 9, 17 samt del av tomt nr. 8 med påståande låvebygning.

Telnes rår til at Kommuna overtek tomt nr. 17 etter gjeldande pris.

Nødvendig areal til veg fra hennar eigedom vert gjort opp ved makeskifte slik: Nordre del av tomt nr. 8 vert tillagt hennar eigedom, og kommuna overtek nødvendig areal til veg.

13. NSB BERGEN DISTRIKT, BREV AV 12.10.88

- Jernbaneovergangen til Vangebrua er i dag klassifisert til privat planovergang, sikra med automatisk virkande halvbomanlegg.
- Dersom denne overgangen i framtida skal nyttast som adkomst til bustadområdet for begrensa trafikk, må overgangen omklassifiserast til offentleg planovergang.
- I den samanheng må ein vurdere om vegen fram til overgangen på jernanens sydsida, må leggjast om for å tilfredsstille krav til veg som kryssar jernbane i plan.
- Det må etablerast eit høgt flettverksgjerde langs deiras område frå parkeringsplassen og syd/vest til vegkurve etter nærare avtale med NSB. I tillegg må det sikrast med guardrail mot utforkøyring og innkøyring på deiras område.
- NSB vil ikkje påta seg ansvar for eventuelle skader som kan oppstå om vinteren i samband med snørydding, på bilar som står på den planlagde parkeringsplassen.

14. HOVUDUTVAL FOR NÆRING- RESSURS- OG MILJØ I ÅL, BREV AV 13.10.88

- Utvalet peikar på pkt. 1.1 i reguleringsføresegnene og ber om å få høve til å gje uttale når det gjeld eventuelle bygg/verksemdar som kan påvirke miljøet med omsyn til støy, forureining m.v.

15. RAGNHILD STRAND GUNDERSEN, ARVID GUNDERSEN M/FL, BREV AV 13.10.88.

- Krev at reguleringsgrensa som går over skogeigedomane 111/7, 111/8 og 110/345 vert justert. Oppdelinga gir dårleg utnytting av arealet og vanskeleggjer driftstilhøva for attverande skog.
- Eit anna tilhøve er at om det her vert regulert til bustadtomter, er den delen av eigedomane som ligg nord for reguleringsgrensa best skikka til dette.

16. HELSE- OG SOSIALUTVALET I ÅL, VEDTAK AV 13.10.88

- Det må utarbeidast ei eiga plan for å løysa trafikkspørsmåla.
- Gangveg aust for Kulu bør brøytast om vinteren.
- Det må innteiknast gangveg langs vegen som ligg vest i bustadfeltet ned mot Vangebrua

## UTSKRIFT AV MØTEBOK

for     TEKNISK HOVUDUTVAL     i møte

den     13. DESEMBER 1988

Av     7     medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

-----

FORTS. T.SAK 235/88.

SIDE 4.

- Det må byggast undergang under jernbanelina i tilslutning til Vangebrua.
- Skulevegen må sikkrast, mellom anna slik at ungene slepp å krysse Rv. 7.
- Jernbanelina må sikkrast med gjerder som er så høge at ungar ikkje kan klatre over. Ein må også sikre Kulu på spesielt utsatte stader.
- Leikeplassar og sandleikeplassar må sikkrast med gjerde mot trafikkareal.
- Bør takast stikkprøver for kartlegging av radonproblematikk.

17. LANDBRUKSNEMNDA I AL, VEDTAK AV 18.10.88

- Ingen merknader.

18. FYLKESLANDBRUKSKONTORET I BUSKERUD, BREV AV 01.11.88.

- Ingen merknader.

19. VILTNEMNDA I AL, VEDTAK AV 14.11.88.

- Ingen merknader.

### SAKSHANDSAMAR SI VURDERING:

Etter gjennomgåing av merknader/uttaler har ein fylgjande kommentarar og forslag til justering av det foreliggende planutkast.

Merknader som ikkje vedkjem "etappe I", vert ikkje kommenterte og ein rår til at desse merknadene vert vurderte når dei aktuelle områda vert teke opp til regulering.

Merknadene som ikkje vert kommenterte nedanfor, reknar ein med ikkje vert etterkome.

Ann Birgit Bruhammer Lian vart ikkje varsla da området vart teke opp til regulering. Dette er saksbehandlaren sin feil og ein beklager dette. Det er på grunn av at slike feil kan oppstå, at reguleringsplanar skal kunngjerast i minst to aviser.

Torgeir Oppsata kontakta teknisk etat om sine planar om frådeling lenge før vedtaket om forbud mot deling og byggearbeid. Han fekk då opplyst at han kunne søkje om frådeling etter at det låg føre eit planforslag. Ein reknar med at dette går i orden, og at hans søknad vert behandla som eiga frådelingssak.

Merknader vedrørende gang og sykkeltrafikk over jernbaneplanovergangen rår ein til vert utsatt til neste reguleringsetappe, då det er planar om ein undergang nord/aust for P (etappe I). Ein rår med dette til at gang og sykkeltrafikk vert som nevnt i reguleringsføresegnene pkt. 6.1.C. inntil evt. planundergang eller ei anna ordning vert opparbeida.

Andre merknader som vert å sjå på som vesentlege, rår ein til at det vert gjort som det går av framlegg til vedtak.

T.SAK 235/88 FORTS. SIDE 5.

UTSKRIFT AV MØTEBOK

for     TEKNISK HOVUDUTVAL     i møte

den     13. DESEMBER 1988

Av     7     medlemer var 7 til stades (møtande varamedlemer medrekna).

---

FORTS. T.SAK 235/88.

SIDE 5.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Teknisk hovudutval har gått gjennom alle innkomne merknader/uttaler. Ut i frå ei totalvurdering vil teknisk hovudutval rå til at fylgjande endringar vert gjeldande i høve til planutkastet som har vore ute til offentleg ettersyn:

- Det vert innteikna byggegrensar på tomt nr. 13 mot langsgåande veg.
- Det vert innteikna byggegrensar 20 meter frå Kulu på kvar side av elva.
- Det vert innregulert eit fareområde på 15 meter horisontalt på kvar side av 66 kV lina som går langs jernbanelina.
- Alle byggegrenseavstander vert påført plankartet.
- Trafostasjon vert plassert i samsvar med ynskje frå Hallingdal kraftlag
- Det vert innregulert veg til landbruksområde frå snuplass sør for F5.
- Tomtegrensene i området B2 og B3 vert justert i samsvar med kart frå berørte partar.
- Det vert innteikna gangveg langs vegen som ligg vest i bustadfeltet ned til Vangebrua.
- Punkt 7.1 i reguleringsføresegnene får tilføyd fylgjande: "I området frå parkeringsplass til vegkurve mot syd/vest skal det i samråd med NSB settast opp flettverksgjerde mot jernbaneområdet.
- Ordet "busetnad" i reguleringsføresegnene vert retta til bygning/bygningane.
- Reguleringsføresegnene får tilføyd reglar for høgspenliner og åpne trafoanlegg under "fareområder".

Endringane vert å sjå på som vesentlege og vedtak og justert plan vert sendt berørte partar og offentlege instansar til ny uttale.

SAMRØYSTES VEDTAK:

Som framlegget med dette tillegget:

Teknisk hovudutval rår til at teknisk etat avklarar med NSB om det er mogeleg å krysse jernbanelina med undergang for fotgjengarar aust for eksisterande planovergang føre planforslaget vert utlagt på nytt.

Rett utskrift, Ål den 14. desember 1988

*Laila Pedersen*

Laila Pedersen  
ktr.flm.

Utskrift går til:


- Berørte partar
- Off. instansar



TEGNFORKLARING

- REGULERINGSSYMBOLER:
- 1. BYGGLOMRADE
  - 2. ANDRBTIKLOMRADE
  - 3. TRAFIKLOMRADE
  - 4. FRIGOMRADE
  - 5. FAREOMRADE
  - 6. SPESIALOMRADE
- STREKSYMBOL M.V.:
- PLANENS BEGRENSSING
  - GRENSE FOR REGULERINGSSYMBOL
  - HYDREGRENSE
  - TAMTREGRENSE
  - FRI SIKTELINJE
  - SENTERLINJE REGULERT VEG
  - BEGRENSNING, ETAPPE I
- REGULERINGSSYMBOLER (FARVER):
- BUSTADER
  - LANDBRUK / SKIUTERIK
  - KØYREVEG
  - GANGVEG/STI
  - PELLES AVKØYING / TARKERN
  - PARK / VEGLØK
  - SANDLEIKEIKEPLOSS
  - HØGSPENTLINJE / TRAFØ
  - FLUMGRØFT
  - FRILUFTSOMRADE
- STREKSYMBOLER (MÅTT):
- 20m
  - 7m
  - 18m
  - 13m
  - 40m
  - 20m

M= 12000



REGULERINGSSYMBOLER FOR	KOMMUNE
<b>VESTLIA-KULU</b>	<b>ÅL</b>
BEHANDLING:	DATO:
PLANENS BEGRENSSING, VEDTAK AV T.H SAK 130/88	12.07.88.
1. GONGS UTLEGGING TIL OFF ETTERSYN (T.H. SAK 165/88 AV 06.09.88.)	
2. GONGS UTLEGGING TIL OFF ETTERSYN (T.H. SAK 235/88 AV 13.12.88.)	2.6.89

# UNIVERSITETET I OSLO

4

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2. 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2. 0164 OSLO 1

KOP1

AL KOMMUNE;  
Teknisk etat,  
Torget 1,  
3570 AL.

OSLO, 17. juli 1989.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF: 5721/89 504

VÅR REF. (BES OPPGITT VED SVAR) 2525/88 og 1713/89 PON/gi

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU, ETAPPE I,  
SUNDE, GNR. 110, AL PRESTEGARD, GNR. 111, HUS, GNR. 112,  
STAVE, GNR. 114, RIME, GNR. 115, SKATTEBØL, GNR. 122,  
STRAND, GNR. 123, AL KOMMUNE, BUSKERUD.

Vi viser til Deres forsendelse av 1. juni 1989 og til  
vårt brev av 14. oktober 1988.


Universitetets Oldsaksamling har ingen merknader til  
planforslaget.

Vi viser forøvrig til vår uttalelse av 14. oktober 1988 og  
til våre merknader i dette brevet.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker





**ÅL KOMMUNE**

TEKNISK ETAT

TORGET 1 - 3570 ÅL  
TLF.: 067/81 011

*Oldsaksamlinga*


5

Postnr.:  
6729/90

Arkivnr.:  
504

Dato:  
31.01.90

OFFENTLEGE INSTANSAR  
BERØRTE PARTAR



VEDR.: REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU, ETAPPE I.

Teknisk hovudutval i Ål vedtok i sak 227/89 av 12.12.89, å tilrå reguleringsplan med tilhørende reguleringsføresegner for "Vestlia - Kulu", etappe I.

Reguleringsplanen omfattar området ved og vest for Kulu i samsvar med soneplan.

Reguleringsplanen inneheld byggeområder, landbruksområder, trafikkområder, friområder og friluftsområder.

Planen og reguleringsføresegnene er no utlagt til 3. gongs offentleg ettersyn på teknisk etat i Ål.

Har De nokon merknad som kan ha betydning for planen, ta kontakt med teknisk etat, eller skriv til teknisk hovudutval i Ål INNAN 9. MARS 1990.

Med helsing

*Dag Hovde*

Dag Hovde  
avd.ing

Vedlegg

# UNIVERSITETET I OSLO

6

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPI

Al kommune,  
teknisk etat,  
Torget 1,  
3570 AL.

OSLO, 8. februar 1990.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.: Brev av 31.1.90, postnr. 672/90, arkiv 504

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 422/90 AEC/gi

REGULERINGSPLAN FOR VESTLIA - KULU - ETAPPE 1

Universitetets Oldsaksamling syner til brev av 14.10.88  
og 17.7.89. Me hev ikkje tilleggsmerknader til planen.

Med helsing

Arne Emil Christensen  
Leder for Oldsaksamlingens fornminneavdeling